



Steinar Hoem og firmaet hans har nok å gjera

Oddbjørn Kroka og Kvinnherad Bygg har operert med 1. juli som dato for fullføring av og innflytting i dei 3 første av tomannsbustadane i Ospelunden. Det held ikkje heilt, då uskedalen.no i dag var innom var det framleis hektisk aktivitet i dei sikkert trivelege husa via a vis Korsnes. Men noko større forseinking vert det ikkje, for innspurten er hektisk og handverkarane står så å seia i kø.

Ein av dei travle var sunnmøringen Steinar Hoem som eig og driv Hoem Blikkmontering. og har ventilasjonsoppdrag høgt og lågt i Kvinnherad.

Av dei 6 tilsette er 4 frå familiein - dei 3 er kona som sit på kontoret og 2 søner. I morgon vil dei truleg ha fullørt sin del av oppgåva i Ospelunden, men Steinar reknar med at dei også får jobben med dei 2 husa som skal liggja lenger oppe i skråningen. Graving og sprengning går no for fullt der og husa skal vera ferdige til jul.

-Du er kanskje åleine på marknaden?
- I Kvinnherad er vi nok det og vi har gode oppdrag både her og der. Ein kan seie det slik at det går rundt. Akkurat no driv vi på Harding og ikkje minst Hellesøybåtane er ein trygg arbeidsplass, fortel Steinar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Grunnarbeid framfor neste etappe er igang